

## **Spennande avslutning i 4 divisjon.**

Etter første helg hadde Årdal ei klar leiing, men etter 6 runder var Høyanger og Loftesnes komne på skothald med reelle vinnarsjansar.

Årdal kunne framleis vinne ved å spele jamnt mot Høyanger, men samstundes kunne Nordfjordeid ikkje dumme seg ut mot Loftesnes frå samme klubb, og få eit stort tap. Mykje var usikkert her.

No ordna alt seg for Årdal, og stolte og glade spelarar kunne få velfortente medaljar, og plass i 3 div neste sesong.

På laget spelte Kvamsdal - Hæreid alle kampane, Kleiven - Laberg spelte første helg og Moen - Rønningen andre helg.

Gratulerer til vinnarlaget, Høyanger på andre plass og Loftesnes på tredje plass.

PS! I skrivande stund veit vi ikkje om meir enn eit lag får plass i 3 div. Dette er ei sak krinsen kjem til å følgje opp.

Mvh  
Inge